

Årsmelding 2020

Hjelme og Blomvåg sokn



DEN NORSKE KYRKJA
Hjelme og Blomvåg sokn

Hjelme og Blomvåg sokneråd



Erling Vik

Soknerådsleiar

Innleiing

Soknerådet sin visjon er at folket i Hjelme og Blomvåg kan få kjenna seg elska av Gud og menneske.

Soknerådet har si merksemd mot alt som kan gjerast for å vekkle og nære det kristelege arbeidet i soknet, særleg at Guds ord vert rikeleg forklynt. Kyrkjelova §9 peikar særleg på dette.

Soknerådet har handsama 101 saker i 2020.

Kyrkjelydsutvikling/naturleg kyrkjelydsvekst står fast på soknerådet sin dagsorden. Mange saker er lik frå det eine året til neste år: Offer, enkeltarrangement som fellesskapskveldar og julefest, sommarfest for frivillige og økonomi- og budsjetsaker.

Covid-19

Dette året har blitt prega av pandemien og har gitt oss mange utfordringar. Ting har vore planlagt, for så like før gjennomføring blitt avlyst grunna restriksjonar og pålagte begrensingar. Me har ikkje hatt noko smitteutbrot i Hjelme og Blomvåg. Men for våre barnefamiliar har dette medført at me ikkje har kunna hatt søndagsskulesamlingar sidan mars. 2020 vart eit heilt spesielt år.

Gudstenestelivet

Gudstenesta er grunnleggande viktig for alt anna som skjer i kyrkjelyden. Her kjem ein saman for å söke og møte Gud. Det ligg styrke i å møte Gud saman med andre. I glede og sorg samlast kyrkjelyden til gudsteneste. I gudstenesta får ein synge, lytte og be saman med andre. Gudstenestene er opne for alle. Soknerådet legg vekt på at gudstenestene skal opplevast som inkluderande og at menneska som kjem til gudstenesta skal oppleve å bli møtt og sett på ein god måte. Det er variasjon i innhaldet i gudstenestene som t.d. Sprell levande-gudstenester som er opplagt for barn og unge sitt engasjement i gudstenesta. Dette året har det elles blitt ein god del digitale gudstenester, ei ny erfaring og som me meiner er gjennomført på ein god måte.

Fellesskapet i kyrkjelyden

Soknerådet arbeider for eit godt fellesskap òg utanfor gudstenestene. I årshjulet vårt er fellesskapskveldar,

morgenmesser, markturar i «gamle» Øygarden og julefest faste møtepunkt gjennom året og døme på fellesskapsbygging. På grunn av smitteverntiltakene har me måtte redusere mange av tiltaka. Det har medført at nye tankar og idear har komet opp og rebusløpet i slutten av mai blei eit vellukka og positivt tiltak der heile familien kunne delta.

Soknerådet har forlenga avtalen og samarbeidet med NaMu-Norge og ny undersøking er gjennomført i desember 2020.

Frivillige uløna medarbeidarar

Soknerådet takkar alle frivillige uløna medarbeidarar særskilt.

Hjelme og Blomvåg er kyrkjelydar som drivast med hjelp av ein stor del frivillige. Desse er med å berikar kyrkjelydslivet og fellesskapet.

Håpet er du som frivillig har glede av arbeidet og kan anbefale andre til å være med. Det trengst fleire frivillige hender.

Misjon

Å drive misjon er grunnleggande viktig i ein kristen samanheng. Utanlands er kyrkjelyden engasjert i misjonsarbeid i Thailand gjennom ein avtale med NMS og IMI-kyrkja i Stavanger. I 2019 gjekk soknerådet inn ein avtale med Stefanusalliansen om støtte til «Stefanusbarna» i Egypt. Soknerådet støttar arbeidet i tre år gjennom forbøn og pengar frå kollekt og konfirmantane sin bøsseinsamling. I år blei denne innsamlinga gjort digital, og det blei ikkje misjonsløp. Håpet er å få gjennomført 2 løp i 2021.

Økonomi/Gjevarteneste

Soknerådet har to kjelder for inntekt. Det er offer i kyrkjene og gjevarteneste.

Vi ønsker å auka gjevartenesta for å oppretthalde det viktige og gode barne/ungdomsarbeidet og kunne gje større del av ofringar/kollektar til misjon i andre land.

Skjergardsheimen


Skjergardsheimen er svært viktig for leirarbeidet i regi av kyrkja. Det er Hjelme og Blomvåg sokn som er eigar. Leirstaden har eige styre og er no etablert som eit A/S for å oppfylle formelle krav til selskapsform. 2020 er òg her

ein særskrevjande år, men det er laget ein strategi for at Skjergardsheimen skal klare å gjenoppta normal drift etter pandemien.

Soknerådet er samensett slik

Faste medlemer: Erling Vik (leiar), Aina Elisabeth Hellesund (nestleiar), Gisle Kårø Rong, Øyvind

Solsvik, Gustav Magne Landro (permisjon 2020 ved utanlandsteneste) og Therese Dale Gerhardsen. Varamedlemer: Elise Irene Karlsen, Øystein Vik, Astrid Johanna Nautnes Rustad, Tormod Magnesen og Monica Breivik. Sokneprest Espen Sigve Tveten møter fast i soknerådet



Kyrkjeleg årsstatistikk for Hjelme og Blomvåg sokn 2020 og 2019

	2020	2019
Døpte	27	40
Deltakarar gudstenester	3506	9496
Antall gudst.	62	90
Deltakarar nattverd	1112	3156
Konfirmantar	62	47
Offer	150856	281338
Innmeldte	1	0
Utmeldte	9	14
Vigslar	7	8

Årsrekneskap for Hjelme og Blomvåg sokneråd 2020

Hjelme og Blomvåg sokneråd har lagt bak seg eit annleis år, også økonomisk. Både utgifter og inntekter ligg ein del under det som var budsjettet for året. Soknerådet kan, etter å ha sett av midlar til fond, setje av eit overskot på kr 2 353,-.

Hjelme og Blomvåg sokneråd har hatt kr. 257 470,- i utgifter og kr. 460 023,- i inntekter. Dette gjev eit positivt resultat før avsetjingar til fond og finansieringstransaksjonar på kr. 202 553,-. Hjelme og Blomvåg sokneråd set av kr. 194 220 til ulike fond; Innsamla midlar til ungdomsarbeidet er sett av til eit Ungdomsfond og dei innsamla midlane til Misjonsturen er sett av til Misjonsturfond. Etter dette er det eit lite overskot på kr. 2353,- som soknerådet kan disponere.

Vi vil rette ein stor TAKK til alle som har støtta Hjelme og Blomvåg sokneråd på mange ulike måtar i 2020.

Soknepresten sin årsrapport



Espen Tveten

Sokneprest

2020 vil bli huska i lang tid. Koronapandemi, smittevern og avgrensingar sette sitt tydelege preg på året. Eit døme på det er at me for første gong på mange hundre år ikkje kunne samlast til påskegudstenester. Me har heller ikkje før opplevd å avgrensa kor mange som får lov å følgje sine nærmeste til grava. Men til tross for store endringar i alt kyrkjelydsarbeidet, har me sett at kyrkja er i stand til å omstilla seg og finne nye arenaer å formidle evangeliet på.

Å vera prest i Hjelme og Blomvåg er inspirerande. Eg er svært takksam for alle eg får møte i denne tenesta. I løpet av ein arbeidsdag kan eg møta alle aldersgruppe i alle slags livssituasjonar. Å få gå saman med løna og uløna medarbeidarar å peika på Jesus er ei stor velsigning. Samstundes har året utfordra prestegjerninga på nye måtar. I visse periodar har det vore lite kontakt med kyrkjelyden. Det har i periodar vore ingen eller berre små gudstenester. Då er det utfordrande å byggja kyrkjelyd. Me treng å møtast, me treng å sjå kvarandre. Gravferder, vigslar og dåp har vore gjennomført so langt som mogeleg, men det har vore mange utsettingar.

Lyspunkt

Året har tross omstende gjeve mange lyspunkt. Det var ei god oppleveling å gå inn i året med ei stor fellesgudsteneste i Sotra arena da nye Øygarden kommune vart skipa. På en flott måte la kommunen til rette for at samanslåingshelga vart avslutta med ei stor gudsteneste.

Dette året vart me tvungne til nysatsing på digitale flater. Barne- og ungdomsarbeidet var først ute, men frå april har det vore fleire digitale satsingar, slik som gudstenester og fellesskapskveld i Hjelme kyrkje i samband med bilrebus i mai. Me erfarer å nå inn i mange heimar med slike sendingar, og me må tenka gjennom korleis me tar desse erfaringane me inn i tida som kjem.

Det er òg gledeleg med stadig fleire husfellesskap. Desse fellesskapet har lidd sidan dei ikkje har kunne møtast, men slike mindre møteplassar er viktige. Samstundes trur me at mange fleire bør få mogelegheit å delta i slike grupper.

Tal for annleisåret

Tal for deltaking i kyrkjelivet har vist jamn og god framgang i mange år. Dette året vart det bråstopp. Statistikktala for vår kyrkjelyd vil for all framtid fortelja om eit år med «unntakstilstand». Kyrkja har følgt svært strenge restriksjonar. I år har det vore om lag 3500 på våre gudstenester, året før var det om lag 9500. Sjølv om dåp har vore prioritert og me har tilbudd eigne dåpsgudstenester til de som vil, har dåpstalet gått ned. I 2020 var på 26, medan det låg på 37 og 46 åra i forkant. Som ein ser, er det ein kraftig nedgang.

Det ser ut til at 2021 òg vart prega av pandemien. Usikkerheit og stadig skiftingar er tappande over tid. Det er mange ting å ta fatt for kyrkjelyden når samfunnet vert normalisert att. Samstundes har det i året som gjekk blitt avdekt kor mykje kyrkja betyr for mange. Og mange er stolte av kyrkja i Hjelme og Blomvåg. Det er grunn til å løfte blikket og sjå Jesus framleis er vegen, sanninga oglivet under alle livsforhold. Som kyrkjelyd er me berarar av verdas beste bodskap.



Opptak av 17. mai gudsteneste framfor Hjelme gamle kyrkje med Espen Tveten og ordførar Tom Georg Indrevik.

Kyrkjelydspedagogen sin årsrapport



Hogne Berland

Kyrkjelydspedagog

Året 2020 var eit år som gav nokre utfordringar vi ikkje har vore borti før.

Då Noreg stengte, skulle vi etter planen på leir på Skjergardsheimen dagen etter. Då måtte vi hive oss rundt og lage leir-tv i staden med videoar og konkurransar på youtube. Dette er eit godt eksempel på korleis året vart. Vi har fått prøvd mykje nytt og vi har endra mange planar!

Leirane er sentrale i trusopplæringa hos oss. Vi rakk å arrangere to «normale» leirar før landet stengte. Etter dette har vi forsøkt både leir-tv, leir på videochat og drive-in leir der borna kom innom etter tur. I sommar og haust då ting var meir ope fekk vi også nokre tilnærma vanlege leirar. Oppslutninga har vore lavare enn vanleg når vi har hatt alternativ til leir, men betre enn vanleg når vi har hatt vanlege leirar.

Vårens konfirmantar fekk med seg det meste av opplegget før nedstenginga, men fekk ein annan slutt på året då konfirmasjonane vart utsett til hausten. Dei nye

Lær den unge vegen han skal gå,
så vik han ikkje av når han blir gammal.
Ordt. 22,6

Dette verset frå Salomos ordtak er grunn nok til at vi i kyrkja skal satse mykje på trusopplæring for barn og unge! Det ønskjer vi å gjøre i Hjelme og Blomvåg og det er eit spanande og utfordrande arbeid.

konfirmantane i haust har hatt konfirmantundervisning som vanleg i litt mindre grupper, men har fått færre treffpunkt enn vanleg sidan det har vore færre samlingar med KRIK og ungdomsklubben Refuel.

Ungdomsklubben Refuel har særleg fått prøvd seg på streaming i 2020. Flinke ungdomar har tatt ansvar og laga flotte sendingar der ein prøvde å få mest mogleg Refuel overført til skjermformatet. Det har vore gøy å sjå korleis ungdomane løyste den utfordringa og det er ingen tvil om at kompetansen kan brukast seinare. Det som er lært om produksjon og om å kommunisere gjennom skjerm er svært nyttig for framtida. Men både ledarar og ungdomar er skjønt enige om at det beste er å møtast fysisk!

Det vart også færre treffpunkt enn vanleg med skular og barnehagar, men vi gler oss over at julevandringane med barnehagane vart gjennomført og vi gler oss over ei flott digital skulegudsteneste med flott samarbeid og gode tilbakemeldingar frå skulane!

Barne- og ungdomsarbeidarane var frå hausten 2020: Lill Grete Stranda Rossnes (30%), Kristian Siljuholtet (20%), Kristine Flåten (20%), Matilde Solsvik (15%). Dei gjer alle ein flott jobb og har fått øvd seg ekstra på å vera fleksible i eit år der planar stadig må endrast. Desse stillingane er viktige og vi ønskjer å behalda dei i framtida og gjerne auka dei! Vi veit at for å få det til, må gjevartenesta her lokalt opp. Vi håpar folk er klare for å ta i eit tak her slik at vi også framover kan satse mykje på å «lære den unge vegen han skal gå»!



Mange er involvert for å lage ein god Refuel-stream

Kantor sin årsrapport



Øystein Steinsland

Kantor

Kyrkjemusikalsk verksemd

Det kyrkjemusikalske arbeidet har vore knytt til gudstenester, gravferder, vigslar, institusjonsbesøk, konsertar, samarbeid med grunnskule/ barnehage. Medverknad frå ulike musikkaktørar som: solistar, songgrupper og instrumentalistar.

2020 har vore eit spesielt år for Hjelme og Blomvåg sokn på fleire måtar. Tre store endringar har skjedd:

- Koronaepedemien
- Ny kantor tilsett 1 februar 2020, frå 6 juli 2020 tilsett som seksjonsleiar for kyrkjemusikk i Øygarden
- 1 januar 2020 slo dei tidlegare kommunane Fjell, Sund og Øygarden seg saman til Øygarden kommune

Desse tre endringane har hatt stor innverknad på det musikalske livet i meinigheita.

Koronaepedimien med sine restriksjonar har påverka oss i stor grad. Mykje av det arbeidet ein la planar for i 2020 har vorte endra på eller avlyst. Konfirmasjonar vart utsett til hausten 2020, gudstenester og konsertar har vorte avlyst, avgrensingar i kor mange me har fått lov å samle i kyrkjene, møteverksemd på TEAMS, restriksjonar som har gjort at ein ikkje har kunne øve med kor/korps.


Ny kantor

1. februar 2020 vart eg Øystein Steinsland tilsett som kantor for Hjelme og Blomvåg sokn. Då tok eg over etter Anne Lise Grøm som har vore organist i 29, 5 år. Det har vore spanande å overta etter ein som har jobba her så lenge. Eg freistar å bringe vidare det gode arbeidet som har vore gjort, men samstundes også kome med nye impulsar til det musikalske arbeidet. Her er mange gode resursar å spele på lag med både av kor som Gospelteens og Lyskasteren, songarar og instrumentalistar. Spesielt vil eg nemne Vi Syng Jula Inn som vart gjennomført i desember 2020 i Hjelme og Blomvåg kyrkje. Me fekk til eit variert og flott program, det var kjekt. Frå 6 juli 2020 tok eg over stillinga som seksjonsleiar for kyrkjemusikk etter at Olav Sørheim pensjonerte seg i Fjell sokn. Denne stillinga inneber ein god del møter og kontorarbeid i tillegg til dei faste organist-tenestene. Noko som fører til

at ein må avgrensa det musikalske arbeidet i Hjelme og Blomvåg sokn i forhold til før. Eg freistar likevel å starte opp med eit barnekor i Hjelme kyrkje etter vinterferien 2021 dersom det ikkje er for strenge koronarestriksjonar.

Kommunesamslåinga 1. januar 2020 har verka inn på arbeidet. No samarbeider ein meir med kantoranane i heile nye kommunen, det er positivt. Me har felles seksjonsmøte for kyrkjemusikk om lag ein gong i månaden.

Det tek litt tid å koma i gjenge etter ei kommunesamslåinga. Nye administrative strukturar, samkøyring på økonomi, samt nye folk i ulike stillingar har gjeve mange utfordringar i 2020.



Nokre inntrykk etter 11 månadar som organist i Hjelme og Blomvåg sokn

Hjelme og Blomvåg sokn er velsigna med mange kjekke og dyktige medarbeidrarar. Her har eg vorte teken godt i mot og møtt med opne hender. Det vil eg også sei om meinigheita, som er flinke i å skape ei positiv atmosfære der alle kjenner seg velkomne. Eg har også vorte kjend med mange andre flotte kollegaer (prestar, kantorar, kontorarbeidrarar, kyrkjelydsarbeidrarar mfl) som arbeider andre stader i kyrkja i kommunen. På det musikalske feltet har eg fått brukt min kompetanse på ein god måte. Vidare er samarbeidet med frivillige og profesjonelle aktørar gjevande. Her er mange flinke musikarar som eg er heldig å få samarbeida med. Koronaepedemien har prega oss i store delar av 2020, men vonleg vil den gje seg etter kvart slik at ein får opne opp att og kome i normaldrift igjen. For å sei det kort oppsummert: I 2020 har me levd i suer



Diakonimedarbeidaren sin årsrapport



Ellen Ebbesvik

Diakonimedarbeidar
påfyll.

Året 2020 begynte så flott. Vi gledet oss til å kunne samles på formiddagstreff i Hjelme kyrkje og ha eldretreff på Tednebakkane en dag i måneden. En samling hvor det er god tid til å prate sammen, dele et måltid og få et åndelig

fikk til 3 treff i løpet av høsten før det igjen ble stengt. Vi var heldige som fikk møtes i september, oktober og november. Det ble 3 helt forskjellige samlinger. I høst var det besøk av Ingvald Andre Kårbo fra P7, Evi og Steinar Hellesund som fortalte om sin pilgrimstur fra Lillehammer til Trondheim og Erling Kopperud.

Det har vært 266 mennesker innom disse treffene.

Det ble planlagt en eldretur med buss i juni måned. Vi skulle ende opp på Raknestunet på Osterøy. Dessverre måtte denne avlyses pga. Cov-19.

Vi har noen frivillige som har sagt ja til å være med i besøkstjenesten. Det er kjempebra, men det har ikke vært lett å gjøre noe med det dette året.

Jeg selv har hatt noen hjemmebesøk, men mest telefonsamtaler. Det er det som har vært mulig. Noen samtaleuter ute i det fri for det har vært lov.

Høsten 2020 ble det etablert et Diakoniutvalg for Hjelme og Blomvåg. Utvalget er begynt å se på: Hva har vi som vi kan gjøre bedre? Hva mangler vi? Hva ønsker vi å gjøre og hvorfor?

«Han har fått navnet Underfull rådgjevar, Veldig Gud, Evig Far, Fredsfyrste!» (Jesaia, k. 9, v.6)

I januar var det besøk av Helge Unneland med temaet «Hustavlene» i Hjelme og på Tednebakkane var det besøk av Solfrid Nikolaisen. Hun fortalte om sitt arbeid i Indre Sjømannsmisjonen.

I februar møttes vi til salmesang ved Anne Lise Grøm og Ingebjørg Sæle og andakt ved Espen Tveten. På Tednebakkane var det besøk av Eldbjørg Terkelsen fra Israelsmisjonen.

I mars var Arne Martin Engelsen og holdt foredrag om «Gull transporten» og hadde andakt på Tednebakkane.

På begge disse stedene er det en god flokk av frivillige som gjør en kjempejobb. De er svært viktige.

Det ble brått slutt i mars da landet vårt stengte ned pga. Cov. 19. Tednebakkane ble helt stengt for våre arr. resten av året. I Hjelme har det vært av og på flere ganger. Vi

Hjelme og Blomvåg sokneteam

Dei tilsette som har arbeidsoppgåver knytt til Hjelme og Blomvåg sokn er organisert i eit team med følgjande mandat:


- Sokneteamet er lokalt forankra, og arbeider for å byggje den lokale kyrkjelyden. Sokneteamet skal:
 - » Prioritere arbeidet i tråd med både soknerådet og fellesrådet sine planar og vedtak
 - » Samarbeide med sokneråda og frivillige
 - » Sikre god kommunikasjonsflyt mellom tilsette og sokneråd/frivillige
- Sokneteamet skal halde visjon og verdiar levande i soknet
 - » Sokneteama skal evaluere og reflektere over praksis i lys av visjon og verdiar
- Sokneteamet skal arbeide fagleg inn mot kvart sokn.
 - » Sokneteama skal vere tverrfagleg samansett. Det faglege inn mot kvart sokn skal tydeleggjerast
- Sokneteama skal ved behov samarbeide på tvers av soknegrensene
 - » Ingen tilsette er fastbundne til berre ein kyrkjelyd. Den enkelte medarbeidar kan gjere teneste i heile fellesrådsområdet.

Medarbeidarane i Hjelme og Blomvåg sokneteam er:

Medarbeidar	Stilling
Espen Tveten	Sokneprest
Øystein Steinsland	Soknetamleiar og kantor
Kari Ragne Sandøy Rong	Administrasjonskonsulent
Hogne Berland	Kyrkjelydspedagog
Ellen Ebbesvik	Diakonimedarbeidar
Kari Synnøve Bekkenes	Kyrkjetenar
Janesh Amenza	Kyrkjegardsarbeidar/ Kyrkjetenar
Lill Grete Stranda Rossnes	Ungdomsarbeidar
Kristian Siljuholtet	Ungdomsarbeidar
Kristine Flåten	Ungdomsarbeidar
Matilde Solsvik	Ungdomsarbeidar

Desse medarbeidarane har eit særskilt ansvar knytt til Hjelme og Blomvåg sokn, men fleire av dei arbeider på tvers av soknegrensene.

Andre fellesrådstilsette som er ressursar inn mot Hjelme og Blomvåg er tilsette i seksjon for administrasjon og økonomi, seksjonsleiarane, rådgjevar, informasjonskonsulent og kyrkjeverje.



Det vart mange Teamsmøte i 2020.